



Bernt Johan Husebø
Husebøvegen 54
5917 Rosslund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4148 - 22/54862

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
04.07.2022

Godkjenning av forpaktingskontrakt og avtale om leie av jord - gbnr 354/1 Husebø

Administrativt vedtak: Saknr: 759/22

VEDTAK:

Alver kommune godkjenner pakte avtale på gbnr 354/1 på Husebø, slik den ligg føre. Det vert samstundes gjeve samtykke til at skjønn ikkje treng haldast. Vedtaket har heimel i forpaktingslova §§ 4 og 11.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiing

Saka gjeld

Asgeir Skurtveit har inngått avtale med Bernt Johan Husebø om å forpakta gbnr 354/1 i Alver kommune. Forpaktninga gjeld i 6 år og 7 mnd frå 01.06.2022 til 31.12.2028. Avtalen kan tinglysast.

Forpaktninga omfattar heile arealet på eigendomen og driftsbygning. Det er avtalt kva kostnader eigar skal dekkja og kva som forpaktar skal betala.

Gardshusa skal ikkje disponerast av forpaktar.

Føremålet med forpaktninga er husdyrdrift på eigedomen. Gbnr 354/1 har 41 daa fulldyrka jord og 40 daa innmarksbeite.

Det er i avtalen opna for at det kan holdast skjønn og elles skal tilstand på driftsbygning dokumenterast med bilete.

VURDERING:

I følgje forpaktingslova §4 skal forpaktingsavtalen leggjast fram for kommunen, som skal undersøkje at avtalen ikkje er i strid med lova.

Avtalen er skriftleg slik som er eit krav i § 3 og inneheld spesifisert arealoppgåve med rettar og pliktar som er omfatta av avtalen. Det er fastsett årleg forpaktingsavgift og forpaktingstida er avtalt til 6 år.

Det er i pakteavtalen gjort ganske detaljerte avtaler om utbetringar og kven som skal kosta desse. Kommunen kan samtykke i at skjønn ikkje blir halde når det finst fullnøyande opplysningar om den tilstand eigedomen er i jf. § 11 i forpaktingslova. Det er i denne saka berre gjort avtale om forpaktning av jordvegen og driftsbygning og kommunen samtykker til at det ikkje vert halde skjønn, slik forpaktingslova §11 krev.

Det vert likevel anbefalt at partane gjer ein grundig jobb med å dokumentera tilstand på jord og bygningar før tiltreding og fråtreding.

Avtalen byggjer elles på forpaktingslova sine reglar, og rådmannen har ingen merknader til avtalen.

Regelverk

Forpaktingslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Asgeir Skurtveit	Skurtveitvegen 61	5917	Rosland
Bernt Johan Husebø	Husebøvegen 54	5917	Rosland
Wenche Husebø	Øvre Kalfarli 12	5022	Bergen